*"Ivelandsveggen" som motiv, og det gamle stempelet "4724 Iveland" er på plass att:*

# Festdag for eit frimerke i Iveland

**Ein av dei mest strålande vårdagane me har hatt i år, vart som ein liten ekstra festdag i Iveland. Då vart det markert at den flotte fjellskjeringa på Birketveit er komen på frimerke, og ikkje berre det: Førstedagsstemplinga skjedde med det gamle stempelet "4724 Iveland" som var på plass igjen!**

**Tekst og foto:**
**Sigurd Haugsgjerd**

Entusiasten Kjell Gunnufsen fryda seg, i selskap med ordførar Gro-Anita Mykjåland som ikkje var mindre stolt, og så innehavarane av Joker-butikken på Birketveit, nederlendarane Linda og Stephan Briet som har fått ansvaret for å bruke det gamle poststempelet i butikken. Dei har framleis "Post i butikk" og vil meir enn gjerne hente fram det gamle poststempelet når folk ber om det. Elles går det sin moderne gang med generell poststemling frå Posten Norge.



**Iveland kommune sin mineralkonsulent Kjell Gunnufsen opptrer her som lokal postopnar i Joker-butikken på Birketveit der det gamle poststempelet "4724 Iveland" er på plass igjen. Han førstedagsstempla nye frimerke med motiv frå "Ivelandsveggen", den flotte fjellskjeringa like ved fylkesvegen gjennom kommunesenteret i Iveland. Dei smilande mottakarane er dagleg leiar i butikken, Linda Briet opphavleg frå Nederland, og lengst til høgre ordførar Gro-Anita Mykjåland, opphavleg frå Evje.**

### Thortveititt

Mannen bak idéen om ikkje berre eit nytt frimerke med motiv frå Iveland, men også tanken på å få tilbake det gamle stempelet, er og blir Kjell Gunnufsen. Han har tittel av mineralkonsulent i Iveland kommune, og kan meir enn gjerne kåsere om emnet utan manuskript så lenge du vil høyre på.

Iveland som har fått heimstadrett til mineralet thortveititt sjølv om det eigentleg vart funne i Evje, har for lengst hatt det på frimerke i samband med hundreårsjbileet for nokre år sidan.



**Kjell Gunnufsen har fått trykt opp det nye frimerket frå Iveland i eit svært avgrensa opplag.**



**Innehavarane av daglegvarebutikken på Birketveit, nederlandske Linda og Stephan Briet fekk blomar av Kjell Gunnufsen (t.h.) for samarbeidet om å få tilbake det gamle poststempelet "4724 Iveland".**

-Men då vart det førstedagsstempla med "Evje", seier Kjell Gunnufsen som endeleg har fått sett Iveland i fokus igjen. Han allierte seg med nærbutikken på Birketveit og fekk dei til å søkje om å få tilbake det gamle stempelet. Det gjekk tregt, men etter hans eiga intense lobbyverksemd lukkast han endåtil å kome på talefot med Posten Norge.

### "Ivelandsveggen"

Då avtalen om å få attende det gamle stempelet var i boks, var også Gunnufsen sitt personlege frimerke klart med "Ivelandsveggen" som motiv. I første omgang er det trykt opp i eit svært avgrensa opplag, men Gunnufsen kjenner seg trygg på at det vil bli populært både i filatelistmiljøet og i bygda. Det nye frimerket med førstedagsstempling blir selt i ekspedisjonen i kommunehuset på Birketveit og i det filatelistiske miljøet. På Jokerbutikken på Birketveit kan ein også få stempla brev og andre sendingar med dette spesielle "4742 Iveland" når ein ber om det.

### Mista posthuset

Det er alt over 10 år sidan postkontoret på Birketveit i Iveland vart lagt ned. Dermed forsvann også poststempelet, men er altså no på plass igjen, i alle fall som ein kuriositet.

I 2005 kom altså Posten Norge ut med frimerke der mineralet thortveititt var motiv. Då ville også Gunnufsen ha lokal stempling, men fekk det ikkje til som anna enn eit provisorium.

-Me laga ein spesialkonvolutt og fekk bruke stempelet til landpostbodet som i det minste køyrde forbi gruva der mineralet var funne, seier han.

Den gongen sat han i Vennesla og førstedagsstempla dei spesielle frimerka. Den dag i dag har kommunen slike som gåver. Desse frimerka har også verdi i filatelistmiljøet.

*"Ivelandsveggen" som motiv, og det gamle stempelet "4724 Iveland" er på plass att:*

# Festdag for eit frimerke i Iveland

**Ein av dei mest strålande vårdagane me har hatt i år, vart som ein liten ekstra festdag i Iveland. Då vart det markert at den flotte fjellskjeringa på Birketveit er komen på frimerke, og ikkje berre det: Førstedagsstemplinga skjedde med det gamle stempelet "4724 Iveland" som var på plass igjen!**

**Tekst og foto: Sigurd Haugsgjerd**



Iveland kommune sin mineralkonsulent Kjell Gunnufsen opptrer her som lokal postopnar i Joker-butikken på Birketveit der det gamle poststempelet "4724 Iveland" er på plass igjen. Han førstedagsstempla nye frimerke med motiv frå "Ivelandsveggen", den flotte fjellskjeringa like ved fylkesvegen gjennom kommunesenteret i Iveland. Dei smilande mottakarane er dagleg leiar i butikken, Linda Briet opphavleg frå Nederland, og lengst til høgre ordførar Gro-Anita Mykjåland, opphavleg frå Evje.

Entusiasten Kjell Gunnufsen fryda seg, i selskap med ordførar Gro-Anita Mykjåland som ikkje var mindre stolt, og så innehavarane av Joker-butikken på Birketveit, nederlendarane Linda og Stephan Briet som har fått ansvaret for å bruke det gamle poststempelet i butikken. Dei har framleis "Post i butikk" og vil meir enn gjerne hente fram det gamle poststempelet når folk ber om det. Elles går det sin moderne gang med generell poststemling frå Posten Norge.

### Thortveititt

Mannen bak idéen om ikkje berre eit nytt frimerke med motiv frå Iveland, men også tanken på å få tilbake det gamle stempelet, er og blir Kjell Gunnufsen. Han har tittel av mineralkonsulent i Iveland kommune, og kan meir enn gjerne kåsere om emnet utan manuskript så lenge du vil høyre på.

Iveland som har fått heimstadrett til mineralet thortveititt sjølv om det eigentleg vart funne i Evje, har for lengst hatt det på frimerke i samband med hundreårsjbileet for nokre år sidan.



**Kjell Gunnufsen har fått trykt opp det nye frimerket frå Iveland i eit svært avgrensa opplag.**



**Innehavarane av daglegvarebutikken på Birketveit, nederlandske Linda og Stephan Briet fekk blomar av Kjell Gunnufsen (t.h.) for samarbeidet om å få tilbake det gamle poststempelet "4724 Iveland".**

-Men då vart det førstedagsstempla med "Evje", seier Kjell Gunnufsen som endeleg har fått sett Iveland i fokus igjen. Han allierte seg med nærbutikken på Birketveit og fekk dei til å søkje om å få tilbake det gamle stempelet. Det gjekk tregt, men etter hans eiga intense lobbyverksemd lukkast han endåtil å kome på talefot med Posten Norge.

### "Ivelandsveggen"

Då avtalen om å få attende det gamle stempelet var i boks, var også Gunnufsen sitt personlege frimerke klart med "Ivelandsveggen" som motiv. I første omgang er det trykt opp i eit svært avgrensa opplag, men Gunnufsen kjenner seg trygg på at det vil bli populært både i filatelistmiljøet og i bygda. Det nye frimerket med førstedagsstempling blir selt i ekspedisjonen i kommunehuset på Birketveit og i det filatelistiske miljøet. På Jokerbutikken på Birketveit kan ein også få stempla brev og andre sendingar med dette spesielle "4742 Iveland" når ein ber om det.

### Mista posthuset

Det er alt over 10 år sidan postkontoret på Birketveit i Iveland vart lagt ned. Dermed forsvann også poststempelet, men er altså no på plass igjen, i alle fall som ein kuriositet.

I 2005 kom altså Posten Norge ut med frimerke der mineralet thortveititt var motiv. Då ville også Gunnufsen ha lokal stempling, men fekk det ikkje til som anna enn eit provisorium.

-Me laga ein spesialkonvolutt og fekk bruke stempelet til landpostbodet som i det minste køyrde forbi gruva der mineralet var funne, seier han.

Den gongen sat han i Vennesla og førstedagsstempla dei spesielle frimerka. Den dag i dag har kommunen slike som gåver. Desse frimerka har også verdi i filatelistmiljøet.